

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 16.02.2015

Handsaming i møtet

Kontrollsjef Hogne Haktorson orienterte kontrollutvalet om førespurnaden fra styret i Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA) og svarte på spørsmål.

På bakgrunn av det som kom fram under orienteringa vart kontrollutvalet samde om å få gjennomført forvaltningsrevisjon av NDLA der m.a. desse momenta skal inngå:

- Føremål/vedtekter/organisering
- Internkontroll
- Innkjøp
- Habilitet
- Arkivlova
- Offentleglova

Det er ønskjeleg at forslag til prosjektplan vert levert sekretariatet innan 25.2.15. Sekretariatet vil syta for at styret i NDLA får høve til å komme med innspel til prosjektplan før den vert lagt fram for handsaming i neste møte i kontrollutvalet.

Det er ei målsetting å få rapporten handsama i fylkestinget i juni 2015.

Etter dette vart slikt vedtak samråystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ønsker at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av NDLA.
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 25.2.2015.
4. Sekretariatet vert beden om å sende forslag til prosjektplan til styret i NDLA for ev. innspel.
5. Forslag til prosjektplan skal etter dette handsamast i neste møte i kontrollutvalet.